



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1010 - 19/15155

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
16.05.2019

Vi har registrert eit ulovleg forhold på eigedommen din – varsel om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 113/18 Sjurset

Saka gjeld

I vedtak frå Fylkesmannen i Vestland datert 18.01.19 stadfester fylkesmannen Lindås kommune sitt vedtak av 23.05.18. I vedtaket frå kommunen går det fram kva tiltak som har fått avslag på søknad om dispensasjon og som må tilbakeførast/rettast.

Dette er eit varsel om at vi vil vurdere å pålegge deg å rette opp det ulovlege forholdet. Vi varslar samstundes om at du kan få tvangsmulkt som du må betale dersom forholdet ikkje vert retta opp.

Skildring av det ulovlege forholdet

Det er ført opp takoverbygg, vedbod og redskapsbod på eigedommen. Det er gitt avslag på dispensasjon for desse tiltaka. Sidan dispensasjon er avslått og vedtak er stadfesta av Fylkesmannen i Vestland er desse tiltaka å vurdere som ulovleg oppført.

I vedtaket er også ulike alternativ for tilkomst vurdert. Det er gitt dispensasjon for alternativ 1. Alternativ 2, som er dagens situasjon, vart ikkje godkjent og må tilbakeførast. Det må sendast inn søknad om tiltak for å etablere veg i samsvar med alternativ 1.

Korleis kan du unngå pålegg og tvangsmulkt?

Dersom du rettar opp det ulovlege forholdet, unngår du vedtak om pålegg og tvangsmulkt. Du kan retta opp det ulovlege forholdet ved å fjerna/tilbakeføre tiltaka. Du er sjølv ansvarleg for å gje beskjed til oss når forholdet retta innanfor ein fastsett frist. Det må du dokumentera skriftleg med foto.

Frist for retting

Frist for fjerning/riving av takoverbygg, vedbod og redskapsbod vert sett til **15.07.2019**.

Frist for tilbakeføring av dagens vegtilkomst til eigedommen vert sett til **01.10.2019**. Det vert gitt lengre frist for tilbakeføring av tilkomstveg slik at du skal få anledning til å søke om og etablere ny tilkomst til eigedommen samstundes som at den ulovlege tilkomsten vert fjerna.



Kva skjer om du ikkje rettar opp forholdet

Dersom vi ikkje mottar opplysningar frå deg om at tilhøva er retta, kan vi pålegge deg å retta opp forholdet innan ein bestemt frist. I same vedtak kan vi fastsetje tvangsmulkt som du må betala dersom forholdet ikkje er retta innan fristen.

Regelverk

- Byggeforbodet langs sjø går fram av plan- og bygningslova § 1-8
- Plikt til å søkje om løyve følgjer av plan- og bygningslova § 20-2, jf. § 20-1.
- Byggesaksavdelinga sin rett til vedtak om pålegg om å rette det ulovlege forholdet følgjer av plan- og bygningslova § 32-3 første ledd
- Byggesaksavdelinga sin rett til vedtak om tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.

Saksinnsyn

Du kan få innsyn i saka di her;

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_sok_tomdefault&

Har du spørsmål eller vil ta kontakt med oss?

Dokumentasjon og skriftleg kontakt i saka skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no. Du kan ta kontakt med oss i kundesenteret tysdag og torsdag kl. 09.00-11.30 og 12.00-15.00 på telefon eller ved oppmøte på rådhuset.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 19/1010», eventuelt gnr 113, bnr 18.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Irene Eline Valøen Sørli	Grønnlivegen 14	5300	KLEPPESTØ
Willy Garmann Sørli	Grønnlivegen 14	5300	KLEPPESTØ